

Temanummer: Dåp



Døypefonten i Leiranger Kirke på Leines i Steigen kommune i Nordland er ein knelende engel i mannsstørrelse som held døypefonten i hendene sine. Det seies at det er engelen Gabriel som er skore ut og som kneler i den vakre kyrkja frå 1911. Døypefonten er truleg eldre enn kyrkja, då det seiast at den vart redda ut av gamlekyrkja som brann. Tidlegare var døypefonten gullfarga men seinare restaurering gjorde at den vart malt grå.

Foto: Kyrjekontoret i Steigen/Torild Granhaug

Innhald:

- * Friluftsgudsteneste i Innvik
- * Friluftsgudsteneste i Oppstryn
- * Opa kyrkje i Hornindal
- * Presteteneste på Malakoff
- * Informasjon om Kyrkjeklokka
- * Altertavla i Randabygd kyrkje
- * Speidarlandsleir på Gjøvik
- * Anders Viktor Kvile
- * Tema Dåp:
 - * Dåpsteologi
 - * Dåpens symboler
 - * Dåpskjole til utlån
 - * Saman om skatten – den lokale trusopplæringsplanen
 - * Biko – bokklubb for barn
 - * Dåpssamtale
 - * Drop-in-dåp i Vågsøy
 - * Drop-in-dåp i Bergen
 - * Fadderløftet
 - * Ei enkel fadderoppgåve
 - * Dåp av store barn og ungdom
 - * Min dåpshistorie ved Kaare Michael
 - * Råd for å planlegge ein flott dåpsfest
 - * Konfirmasjonsbilde frå Hornindal
- * Faste postar
 - * Andakt
 - * Min salme
 - * Under open himmel
 - * Langs vegen
 - * Barnesider
 - * Frå kyrkjevevja
 - * Preikelista
 - * Frå kyrkjebøkene

Tre gode grunner til dåp

Som prest i Den norske kirke døper jeg små og større dåpsbarn med glede.

Her er tre gode grunner:

1.

Dåpen er verdens største kjærlighetserklæring: Vi går eller blir båret fram, og Guds frelsende kjærlighet plasker i hodet på oss, uten at vi har gjort noe annet enn å komme til dåp. I samfunnet ellers handler det ofte om å prestere og fortjene oss til anerkjennelse og verdi. I Guds rike er utgangspunktet at vi ER grenseløst elsket, uansett hva vi gjør, av den kjærligheten som er større enn verden. Med det utgangspunktet blir vi radikalt utfordret på å elske Gud og mennesker og alt som lever. Vi er aldri alene.

2.

Dåpen er redning. Et blikk ut i verden og inn i oss selv forteller at vi trenger redning fra den lille og store ondskaper i oss og rundt oss. Verden og mennesket er både fantastisk og forferdelig. I dåpen dør og oppstår vi med Kristus. Gud ble menneske, ga sitt liv for alle, og seiret over døden - da vant Guds kjærlighet over alt som truer livet. Selv om det ikke alltid virker sånn, her og nå. Vi er aldri alene.

3.

Dåpen er tradisjon og tilhørighet. Vår egen fortelling settes inn i en større fortelling om verden. Vi feirer livets under og fellesskapet i den verdensvide kirke. Vi er aldri alene. En gang jeg skulle døpe lille Stella, sto storebror Jakob, seks år, på den andre siden av døpefonten og fulgte nøye med.

Da vi kom til stedet der jeg tegner et kors over dåpsbarnet for å vise hvem hun hører sammen med, sa Jakob upassende høyt: Hva er det du gjør med henda??! Etterpå snakket vi sammen om korset OG om lynarret - vi er nemlig hardcore Harry Potter-fans begge to. Trollmannen Harry Potter fikk et arr i pannen i form av et lyn da han var ett år gammel. Den onde fyrst Voldemort prøvde å drepe ham ved å sende ut en mordforbannelse, men moren til Harry kastet seg i mellom. Lilly døde, men reddet livet til sønnen sin. Han fikk bare et arr, som for alltid minnet ham på både ondskapens og dødens virkelighet, OG på den kjærligheten som ga seg selv for ham og ga ham et særlig vern mot det onde.

Jakob, Stella og jeg er ikke merket med lynarret, men med noe enda større: Med korsets tegn. Gjennom det kan også vi bli minnet på ondskapens og dødens realitet i vår verden, OG samtidig på den kjærligheten som ga seg selv for oss alle, og er sterkere enn døden.

Tekst: Sunniva Gylver, Biskop i Oslo (skrive medan ho var prest i Fagerborg menighet).



Sunniva Gylver, biskop i Oslo. Foto: Den norske kirke

Bladet vert levert til husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune.

Adresserte blad (dei som bur utanbygds) får bladet i posten.

Bladpengar er frivillig og vi håper at mottakarane av bladet vil betale inn 300 kr, eller meir. Sjå vedlagt giro for innbetaling av årets støtte.

Vi takkar for all støtte!

Bankgiro: 0538 18 51054
Bankgiro: 3795 30 05108
Eller vipps til 583131

Redaktør for dette nummeret:
Hege Heggheim Ulvedal

Post til Kyrkjelokka:
kyrkjeklokka@gmail.com
Kyrkjelokka kan også lesast på nettet:
www.stryn.kyrkja.no/Kyrkjelokka

«Friluftsgudsteneste» på Innvik fjordhotell

Den årlege friluftsgudstenesta i Innvik blei i år innandørs på Innvik fjordhotell 29. juni Det var hovudsakleg på grunn av mykje regn og dårleg ver. Så lenge hotellet har såkalla innebygd bedehuslokale, passa lokalitetane bra.

Vikarprest Gunnar Torvik heldt preika ut frå Markus 10,13-16, der det står: «Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk, den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.» Presten meinte at denne teksten skulle lære oss tre ting: 1) Still deg under Jesu beskyttande og velsignande hender slik desse borna gjorde. 2) Guds rike tilhøyrer dei som kjem til Jesus utan kvalifikasjonar og ber om hans velsigning. 3) Vi må ikkje nokon gong frå barnsbein av og til livets slutt halde opp med eller bli hindra i å leve under Jesu beskyttande og velsignande hender.

Vidare sa presten at læresveinane tok feil: «Det er ikkje sett noko vilkår for å kome til Jesus. Manglande forstand er ikkje eit stengsel. Heller ikkje alder eller vårt gode eller dårlege liv. Ikkje eingong synda vår. Det var riktig at borna ikkje var kvalifiserte på noko anna vis enn at dei kom – eller blei bringa – til Jesus for å bli velsigna. For å bli reinsa. Nettopp for å bli kvalifiserte til himmelriket. Kvalifikasjonen for Guds rike er å kome til Jesus og be om hans velsigning og nåde. Det skjedde ved at han la hendene på dei. Altså var det noko som var formidla i dette møtet og som dei skulle ta vare på.

Det var difor Jesus sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje kome inn i det.» Det gjeld ikkje berre borna. Det gjeld også oss vaksne. Også vi må stille oss under Jesu beskyttande og velsignande hender. Dagleg, seier Martin Luther. Det er slik det kristne livet er.

Etter preika sat vi igjen med ei ny oppleving av at vi fekk lære noko nytt også denne søndagen! Gudstenesta vart avslutta med kyrkjekaffi der soknerådet stilte med to flotte pavlova-kaker og kaffi. Det blei bra mykje god kake på dei om lag 15 frammøtte. Organist var Olga Prykhodko.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Friluftsgudsteneste i Oppstryn søndag 24. august.

I august har det blitt tradisjon å ha ei friluftsgudsteneste i Bombeneset i Oppstryn. Ein fin plass å vere, der vi får låne den fine gapahuken til 4H. I år vart dette søndag 24. august. Det var fint ver, med litt skodde i fjella.

Olav Sigurd Gundersen var prest, Bjørg Janne Flo medliturg, Anders Viktor Kvile var organist med trekkspel og Laila Thastum Sunde var med og presenterte konfirmantane med meir. Birger Skåre var med som kyrkjetenar, og fekk ringje med den flotte messingklokka som er eigd av Erling Gjörven.

Årets konfirmantar vart presenterte, i år er det 7 fine konfirmantar.

Etter gudstenesta vart det sett fram kaffi, saft, bollar og kjeks. Det vart ein god prat rundt matbordet.

Omkring 40 personar fann vegen til Bombeneset denne søndagen.

Tekst og foto: Beate Øvreberg Glomnes



Årets konfirmantar i Oppstryn frå venstre Victoria Guddal Breidablik, Lovise Blakset Guddal, Tomas Aahjem, Thea Kveen, Jonas Nesje Drageset, Erik-August Flo-Thorsdal, Eskil Alexander Webster Brekke samt Prest Olav Sigurd Gundersen og medhjelpar Laila Thastum Sunde.



Frå venstre: Kyrkjetenar Birger Skåre, Medliturg Bjørg Janne Flo, Prest Olav Sigurd Gundersen og organist Anders Viktor Kvile.



God respons på Opa kyrkje i Hornindal

Hornindal kyrkje har denne sommaren vore open ni veker i tidsrommet kl 11-20. - Kommentaran i gjesteboka og andre tilbakemeldingar viser at dette er eit tilbod mange set pris på, seier Anne Lødemel Honningsvåg - ein av fleire frivillige som har delt oppgåva med opplåsing og stenging av kyrkja.

For eit par år sidan tok Hornindal sokneråd opp att tradisjonen med sommaropa kyrkje. Der ein har brosjyrer på engelsk, tysk, fransk og norsk. Noko som har blitt sett pris på av turistar og folk i nærmiljøet.

- I gjesteboka ser vi helsingar på ei rekkje europeiske språk. Men også frå nordmenn som nytta sjansen til å sjå kyrkja og ha ei stille stund, fortel Anne Lødemel Honningsvåg, mangeårig kyrkjeverje i Hornindal.

- Kva med risikoen for at verdfulle ting skal forsvinne når kyrkja er open for alle?

- Vi tek vekk ein del gjenstandar for å vere på den sikre sida. Ein gong for fleire år sidan forsvann ei bøsse med myntar, men det er også einaste negative opplevinga. Så dette har gått veldig fint, sluttar Anne Lødemel Honningsvåg.

Tekst og foto: Harald Vartdal

Ei kyrkje utan veggar

18. og 19. juli gjekk Vestlandet sin råaste musikkfestival av stabelen. Malakoff på Nordfjordeid har no halde på i over 20 år. Det var i 2003, at prestesønene Ottar og Rune Schanke Eikum saman med Anne Joril Haugland tok initiativ til denne festivalen. Om lag 650 var til stades det første året. I år snakkar vi om ca. 20 000. Også i år fekk ein oppleve både nasjonale og internasjonale artistar.

Vi var to festivalprestar til stades. Underteikna og den meir erfarne «rockepresten», Kaare Michael Christoffersen. Vi samarbeidde godt med politi, Røde Kors og festivalleiinga forøvrig. Vi fekk gode og viktige samtaler med folk både på campingplassen og i Røde Kors teltet. Det var spanande som prestar å kome seg litt utanfor komfortsona vår (inne i eit kyrkjebygg) og ut til folket, i det varme og fine veiret. Vi vart tekne godt imot av deltakarane. Nokre sperra opp augene då dei såg presten og andre sa: «Hei Knut!» eller «Hei Kaare!». Det viste seg at nokre hadde vi hatt som konfirmantar. Vi håpar at det kan verte presteteneste på Malakoff neste år også.



Tekst og foto: Knut Gjengedal



Konfirmantjubleum for Innvik og Utvik 14.september.



Felles bilete av konfirmantjubilantane 2025 for Vikane, inklusive dei som er frå Nordsida. Eldste konfirmant var Bergljot Nyberg Sølvberg (80-årsjubilant). Dei andre er 50-, 60- og 70-årsjubilantar frå i fjor og i år. Soknerådet arrangerte festmiddag på Innvik fjordhotell etter gudstenesta. Det var stor gjensynsglede blant jubilantane, som ikkje hadde sett kvarandre på mange år.

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Altertavla i Randabygd kyrkje.

Den vakre altertavla i Randabygd kyrkje er måla av kunstmålar Ferdinand Kjerulf Tranaas og er frå 1916. Biletet viser Jesus som kjem ut av grava medan han ser mot himmelen. Under står ei innskrift, eit sitat frå ein Blix-salme: «No veit eg vegen til liv gjennom grav.»

I samband med vigsling av kyrkja vart det sagt: «Etter kunnig manns dom har det stort kunstverd.» Sokneprest og prost Anton Frederik «Fritz» Winter Jakhelln Prytz i Gloppen skal ha stått modell for kunstnaren.

Ferdinand Tranaas vart fødd i Christiania i 1877 og vaks opp i Førde men budde mesteparten av livet sitt i Stryn. Dei siste åra av livet sitt budde han på Lillehammer, der han døyde i 1932. Han hadde eit mangesidig talent og vart rekna som ein lovande maler i ungdomsåra. Han skreiv tre bøker og heldt ei rad foredrag for studentsamfunn og kunstnerforeiningar under eit opphald i København. Han malte fleire dramatiske figurkomposisjonar og ei rad landskapsmotiv frå både Nordfjord og Sunnfjord. Han veksla mellom ei særprega romantisk mystisisme og stillferdige og følsomt oppfatta naturstudier.

Han har hatt fleire offentlege oppdrag. Mellom anna måla han altertavle til Sande kyrkje i Sunnfjord. Denne altertavla vart seinare flytta til Kåfjord kirke, og dei som er interesserte kan søke den opp på internett. Det er ikkje vanskeleg å sjå at dei to altertavlene er malt av samme kunstnar. De må også gjerne søke opp eit bilde av presten Prytz. Det er ikkje stor tvil om at han har stått modell for altertavla.

Den vakre duken på alterbordet er brodert av Bjørg Rand.



Foto: Karoline Lunde.

Kjelde for teksten: Bøkene «På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane» og internettsida «Store norske leksikon».



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Takk til sommarvikarane

Denne sommaren har vi hatt to vikarar som har jobba heile sommaren for å slå gras og utføre gravstell og vedlikehaldsarbeid, medan dei fast tilsette etter tur har vore ute i ferie.

Kibrom Negash er den nyaste medarbeidaren vår. Han kjem frå Eritrea og bur no i Stryn saman med familien. For Lasha Jajeia er dette den tredje sommaren på rad som gravplassarbeidar. Dei har vore eit godt team som har møtt utfordringane med eit smil, og har stått på i alle typar sommarver fram til slutten av august.

Vi takkar for innsatsen!



Organistsituasjonen

Anders Viktor Kvile sluttar hos oss og flyttar til Florø, der han har fått 100% stilling som kyrkjemusikar frå 1. Oktober. Anders Viktor har markert seg som ein dugande og allsidig musikar som har sett preg på mange kyrkjelege handlingar – i både glede og sorg. Han har vore til stor inspirasjon både i staben og i kyrkjelydane, og vil bli sakna av mange. Stor takk frå oss! Vi er likevel heldige som har fleire dugande musikarar blant oss, og når Anders sluttar tek Olha Prykhodko over som organist i Loen, Nedstryn og Oppstryn. Olha er no organist i Nordsida og Randabygd, og det blir jobba med å få ein ny fast organist i desse kyrkjene. Vi er i skrivande stund i dialog med ein svært kompetent vikar som truleg kan fylle jobben frem til nyttår.

Trusopplæringa

Andreas Kråkenes har vikariert som kyrkjelydspedagog i Trusopplæringa i to år, og vi er veldig glade for at han takka ja til fast tilsetjing i 100% stilling frå 1. august. Han har fått innvilga søknad om å jobbe i 80% ut året.

Laila Thastum har ei fast 10% stilling der ho m.a. har ansvaret for babysong. Førebels står 60% stilling som kyrkjelydsarbeidar vakant, med innleige etter behov. Fellesrådet ynskjer å prioritere diakoni-kompetanse ved ny rekruttering til arbeidet blant barn og unge, og har starta ein prosess for å få den på plass.

Vøling av Nedstryn kyrkje

Det har i løpet av sommaren vore gjort eit grundig arbeid for å utbetre skader og slitasje på Nedstryn kyrkje. Det viktigaste som er gjort, er å renovere skifertaket. Heldigvis synte taktrodet seg å vere i god stand, så det vart ikkje naudsynt å legge om heile taket. På den øverste delen av taket vart det skifta ut noko rote treverk, og laus eller dårleg stein har blitt sikra eller skifta på heile taket. Alle takflatene har blitt inispisert, og all takstein skal no ligge trygt. Likeeins har dårlege beslag og rote utvendig treverk blitt utbetra eller skifta, og det er montert nye takrenner. Endeleg har det blitt montert snøfangerar på tårnet, og verhanen i toppen av tårnet har fått igjen sin opphangelege figur. Til slutt er kyrkja måla to strøk, og framstår no i ny og oppfriska stand.

Stor takk for vel utført arbeid av hovudentreprenør HS-bygg v/byggeleiar Sigbjørn Hamre Tunold, i tillegg til Blikkenslager Kvamme og Gunnarsson AS.

Rehabiliteringa er gjort mogleg takka vere tilskot frå Riksantikvaren og frå Stryn kommune.

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrkjekontor

Tlf. 57 87 61 80

Adresse:

Rognehaugen 11, 6783 Stryn

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag kl 09.00 – 15.00

Tysdag kl 10.00 – 15.00

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri

tlf 913 27 882

kari.muri@stryn.kommune.no

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne Lødemel Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Vikarprest Henny Koppen tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida:

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik

Prestevikar Beate Nes, tlf 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

For Innvik og Olden

Fung. sokneprest Knut Gjengedal,

tlf 948 32 875

knut.gjengedal@stryn.kommune.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244

beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes,

Tlf 922 80 026

andreas.krakenes@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

(Hornindal sokn)

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

Kontortid: Må, ty, to og fre. Kl 10.00-14.00

Onsd.kl 10.30-14.00

Kyrkjevevje Jostein Stråbø, tlf 916 63 549

kyrkjevevja@volda.kommune.no

Hornindal sokn

Sokneprest Constanze Lindner,

tlf 971 79 970

KL855@kyrkja.no



Herre, gjer meg til ein reiskap for din fred.
Hjelp meg å spreie kjærleik der hatet herskar,
tru der tvil råder,
håp der det er angst og naud.
Hjelp meg å få koma med tilgjeving der det er gjort urett,
å skape forsoning der det er strid,
å spreie lys der det er mørke,
å gje glede der sorg tyngjer.

Heilage, treeinige Gud, du som er kjelda til visdomen, freden og kjærleiken!

Saman med kyrkjer i heile verda kjem vi til deg og ber: verna folket i Ukraina!


Kom med di trøyst til alle dei som er redde og som er i dei krigs- og konfliktramma områda. La dei erfare din kjærleik og fred, og gjennom det finne mot til gode gjerningar.

Til deg kjem vi med vår uro og ber om fred i Europa og verda.
Gi leiarane i verda visdom, mot og handlekraft til å avslutte krigshandlingane, redde menneskeliv og finne fredelege løysningar.

Jesus Kristus, du som er lys for verda, kom med din fred! Amen.

Det er natt. El-bilen er ladda heilt opp og eg er på veg heim frå Oslo etter ei innhaldsrik veke. Først ei veke på speidarane sin landsleir på Gjøvik, og så ei kort helg i Oslo, saman med den ukrainske speidargruppa som var saman med oss på leir.

Ved hjelp av rause gåver frå eldsjelfondet, frå bedrifter og privatpersonar fekk strynespeidarane høve til å invitere ei gruppe krigsråka jenter til å vere saman med oss desse dagane. Dei kom frå byen Chernivtsi, frå eit område som har vore nesten skjerna frå direkte krigshandlingar, difor har mange flyktningar søkt tilflukt akkurat her. I denne gruppa var det ei jente som kom frå Bahkmut, og ei anna frå Kherson. Alle hadde nære familiemedlemmer ved fronten, foreldre, sysken, andre som sto dei nær.



Speidarlandsleir på Gjøvik 2025

Landsleiren 2025 vart arrangert på Gjøvik, med over 10 000 deltakarar. Nede til høgre er eit bitte lite utsnitt av flokken, frå opningsleirbålet laurdag 5. Juli.

Utan leiarar er speidararbeidet umulig. Tusen takk til desse fire, som de ser på bildet til venstre, som gjorde ein strålende jobb, Linn, Martyna (frå Ukraina), Renate og Ingeborg. Hallvard var like viktig i leiarflokket. Samarbeid og vennskap blir utvikla og styrka når ein er på leir.

Ein speidarleir har aktivitetar av mange slag; bygging, forming, leirbål, dans, gudsteneste, matlaging, marked og globalaksjon. Oppe til høgre er ei patrulje oppstilt i porten, klar for haik, eit døgn ute i terrenget.

Vi hadde ei stor gruppe frå Ukraina saman med oss på leiren. På bildet til venstre har dei store speidarane frå begge land samla seg rundt bålet. Rause gåver frå Eldsjelfondet, bedrifter og privatpersonar gjorde det mulig for jentene frå Ukraina å kome til leiren. Dei takkar varmt for at dei fekk vere med på dette.



Takk til Anders!

Anders Viktor Kvile kom som eit friskt pust inn i fellesskapet vårt for seks år sidan, smilande og blid, sosial og snill. Han var student ved høgskulen i Volda, hadde eit år att av bachelorstudiet i musikk, men tok på seg ei 50% stilling som organist. Han skulle jobbe hovudsakleg i dei tre sokna Oppstryn, Nedstryn og Loen, men etter kvart vart han godt kjend med både orgel og piano i alle dei 8 kyrkjene våre.



Anders Viktor Kvile. Foto: Kristin Loen Hool.

Anders har unike evner som kjem godt med i yrket han har valt. Han hugsar musikk har han høyrte berre ein gong og han kan reprodusere denne nokså nær, etter hugsen. For det andre er han flink til

å improvisere, og kyrkjelydane han har jobba i har ofte, nærast i alle gudstenester, fått lytte til eigenprodusert musikk som vart skapt der og då. Og den liturgiske musikken vart tilrettelagt i den tonearten som passa presten aller best.

Å akkompagnere solistar som skal synge eit stort og variert spekter av «låtar», er mange organistar sin skrekk, men slik har det ikkje vore for Anders. Alle slike utfordringar har han teke på strak arm,

lytta ein gong eller to på musikken – og så vore klar. Det vart ei lita øving saman med solisten, og så var det klart til framføring. Det må nemnast at Anders har hatt ei stor kontaktflate i musikkmiljøet i

Stryn, og mange av desse har delteke på arrangement i kyrkja til stor glede for alle som har vore til stades.

Anders har trekkspel, og det har kome godt med på alle gudstenester og vigslar i «utmarka». Bryllaupsmarsjar og salmar fekk lyde på mang ei sæter i området, til dømes på Bødalssætra i Lodalen ein vakker, solfylt dag sist sommar.

Det har vore mange ballar i lufta desse åra. Anders er flink til å arrangere, og han har levert musikk til både kor og korps når det var bruk for gode arrangement. Medmusikantar i kyrkja har også fått musikk frå Anders sin PC. Då Stryn Demenskor vart etablert var Anders sjølvskriven pianist og arrangør. Han har heller ikkje vore tung å be når det har vore spørsmål om tonefylgje på andaktene på omsorgssenteret.

Det har vore nokre gode år, og det er tid for å takke for samarbeidet. Anders har vore lett å samarbeide med, har vore aktiv i trusopplæringa når det har vore bruk for musikk, har hatt god kontakt med både unge og eldre. Nye skal overta, musikarar med andre kvaliteter, men Anders vil nok bli sakna, både for musikken, for humøret og for alle kaffikoppene han delte med oss alle.

Tekst: Henny Koppen

Stor takk for 33 års trufast teneste.

Inger Rake har vore kyrkjetenar i Loen kyrkje sidan 1992, ho har lagt ned ein stor og samvitsfull jobb i kyrkja. Både tilrettelegging, orden og dagleg vedlikehald har vore i dei beste hender med Inger på post. Men frå 1. september i år er den epoken slutt, då Inger har bede om å få bli pensjonist på fulltid.

Vi tok ein liten prat med Inger om det å stå i jobben som kyrkjetenar i heimbygda så lenge:

- Det er med vemod eg sluttar i denne jobben, men det er ei tid for alt, seier Inger.

- Eg kjenner at no er det tid for at andre kan ta over. Men eg vil seie det at det har vore ei meningsfull teneste med mange fine oppgåver, og så har eg hatt så mange fine folk rundt meg. Eg har sett stor pris på samarbeidet med både dei andre tilsette og med sokneråd og andre frivillege.

På spørsmål om det er nokre oppgåver som har betydd særleg mykje, kjem det raskt frå Inger:

- Det må vere det at eg har fått ringe inn til dåpsgudsteneste både for barnebarna mine, og for dei to oldebarna. Det har vore stort! Det er med stor takksemd for ein framifrå innsats vi ynskjer Inger alt godt for pensjonistlivet.

Inntil vidare vil det vere vikarar i teneste, men vi håper ny kyrkjetenar i Loen er på plass i løpet av hausten.

Foto: privat



Dåp – kvifor døyper vi?



Barnedåp i Asker kirke Foto: Bo Mathisen / Den norske kirke

Dåpen er ei stor hending

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle våre dagar, og gjennom dåpen blir alle som er døypt ein del av det store fellesskapet i kyrkja.

Dåpen er ei feiring av livet med rom for ein ny start, uansett alder.

Dåpen er ei stor hending og du kan bli døypt når som helst i livet.

Dåpen er ein flott tradisjon, markerer ein ny start og set livet i ein større samanheng.



Foto: kirken.no

Dåpen er nødvendig

Vår kirke bekjenner i CA IX (Katekismen) at dåpen er nødvendig. Hva mener vi med det, og hvilke konsekvenser får det? Vi blir frelst i dåpen, og tidligere sa vi i liturgien til den som nettopp var døpt at Gud hadde gjort hun eller han til sitt barn. Det er heller ikke lenge siden man trodde at udøpte barn gikk fortapt. Vi har beveget oss bort fra både denne oppfatningen og denne retorikken, men vi mener fortsatt som en luthersk kirke at dåpen er noe mer enn en velsignelse eller bekreftelse på det vi allerede har fått gjennom å være skapt av Gud. Hva med de som ikke er døpt? Hvis dåpen er nødvendig, hva er det de som ikke er døpt ikke får?

Det er en utfordring å kommunisere dette på en god måte, uten at vi beveger oss mot et metodistisk dåpssyn. Det kan være lett å si at Gud er alltid større, for å unngå å gå inn på det som er utfordrende, men vi må samtidig si at det er en grunn til å døpe, det er noe som står på spill. Et annet spørsmål i denne sammenhengen er om dåpen alene er nok til frelse? Er alle døpte som senere har gått bort fra troen allikevel frelst? Dåpen er en engangshendelse, den blir ikke gjentatt. Den er samtidig starten på en prosess som varer livet ut der man utvikler forholdet til Jesus, lever i dåpens nåde, og stadig må påminnes det man har fått i dåpen.

Dåp og tro

Vi må si noe om sammenhengen mellom dåp og tro. Vi er en barnedøpende kirke, og det sier noe om hvordan vi ser på troen som noe uten kognitive krav. Styrken på troen har ingen sammenheng med dåpens virkning. Det finnes foreldre som ikke vet om de kan døpe sine barn fordi de ikke tror de har en tro som en sterkt og tydelig nok. Dette er det viktig at vi kommuniserer godt om. Her kan man observere en forskyvning i forhold til nattverden, som tidligere var noe noen ikke kunne delta i på grunn av svak tro eller andre forhold. Nå går «alle» til nattverd, også små barn, mens man er blitt mer reservert til dåpen. Nattverden er fellesskapsorientert, det er noe vi gjør sammen, selv om vi skjønner like lite av hva den innebærer. Dåpen hører også til i et fellesskap, og denne fellesskapstankegangen må det kanskje knyttes an til i større grad. Troen er en gave, Gud har valgt oss først, og den enkelte bæres oppe av fellesskapets tro.

Dåpen som sakrament

Dåpen er et sakrament, en hellig handling. Hva betyr det? Det er en handling der det skjer noe i og med selve handlingen, samtidig som den peker ut over seg selv. Dåpens vann er ved Guds ord «en nådens kilde» som gir del i frelsen gjennom den handlingen som skjer, samtidig som det peker ut over seg selv mot en frelse som man ennå ikke har fått fullt ut del i. Gud «tilgir oss vår synd, frelser oss fra dødens makt og gir oss løfte om det evige liv».

Dåpsliturgien forteller oss videre at «den allmektige Gud har i dåpen gitt deg sin hellige Ånd, født deg på ny og tatt deg inn i sin troende menighet. Gud styrke deg med sin nåde til det evige liv». Liturgien sier hva slags teologi vi har rundt dåpen, hva vi tror skjer. Det er noe avgjørende som har skjedd i og med selve handlingen, det er noe nytt i forholdet mellom den døpte og Gud, samtidig som den er tegn på en prosess som varer livet ut og inn i det evige liv. Vi har fått et oppdrag fra Jesus selv:



Dåp i Sagene kirke. Foto: Malin Longva



Dåp i Sagene kirke. Foto: Malin Longva

«Gå derfor ut og gjør alle folkeslag til disipler:

Døp dem til Faderen og Sønnen og Den hellige ånds navn, og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere». Menighetens og kirkens oppdrag er ikke ferdig med dåpshandlingen, det prosessuelle kommer også til uttrykk i det hellige ansvaret som er gitt både foreldre, faddere, menigheten og hele kirken for «å vise omsorg for dem, be for dem, lære dem selv å be og hjelpe dem til å bruke Guds ord og delta i den hellige nattverd, så de kan leve og vokse i den kristne tro».

Livet i dåpen

Det er vanskelig, om ikke umulig, å si fullt ut hva dåpen egentlig er, det er et under og et mysterium. Vi må allikevel si noe om hva vi tror skjer, hvorfor vi døper. Vi får del i frelsen i dåpen, men det er vanskelig å sette ord det som er en realitet av synd og skyld, og faren med å gå fortaapt hvis man ikke er døpt. Vi tror at i dåpen så dør vi og oppstår med Kristus, noe som blir illustrert i at dåpsbarna blir løftet opp etter dåpshandlingen. Vi fødes på ny, vi kler oss i Kristus, vi tar imot Guds Ånd og vi lever i og av nåde. Alt dette er noe vi tror er en realitet, samtidig som det er våre forsøk på å sette ord på noe vi ikke forstår. Vi blir knyttet sammen med Jesus, og enheten med ham er noe som gir oss noe både her og nå og i et eskatologisk perspektiv, og kan være lettere å forstå og kommunisere enn noe av det andre som er å si om dåpen. Det kan også være grunn til å trekke fram adopsjonsmotivet i større grad, og vise at både dette og død og oppstandelsesmotivet er bærende elementer i dåpen.

Livet i dåpen er et liv i fellesskap med Jesus, men også i fellesskap med hel kirken. Man blir del av et fellesskap som gir trygghet og forankring, som også går ut over seg selv for å løfte opp noen sannheter og verdier. Man står sammen i en bevegelse med et oppdrag, som sier ja til Gud, og samtidig sier nei og kjemper mot det som bryter livet ned. Som kirke må vi kunne si noe om hva det betyr å være døpt og en kristen i verden, som med sin praksis og livsførsel skal stå imot det som er mørkt og som trekker ned.

Kjelde: kirken.no

Hva betyr dåpens symboler?

Ordet «døpe» betyr «å dyppe». Slik vann fornyer og gir ny kraft, slik gir også dåpsvannet liv til oss mennesker på dåpsdagen.

Vannet

Vannet er en kilde til liv. Jesus kaller seg livets vann. Vann kan også forbindes med renselse. I dåpen øser presten vann over barnets hode tre ganger og sier «jeg døper deg i Faderens, Sønnens og Den Hellige Ånds navn.» Opprinnelig ble den som skulle døpes dukket helt under vann én gang. Dette gav den døyte del i Jesu død. På veien opp av vannet fikk den som ble døpt del i Jesu oppstandelse. En symbolhandling som peker fram mot den døytes oppstandelse til det evige liv.

Korset

Presten tegner et kors over barnet før dåpshandlingen og sier: «Jeg tegner deg med det hellige korsets tegn til vitnesbyrd om at du skal tilhøre den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus og tro på ham». Korset er Jesu merke som vi bærer med oss gjennom livet.

Lyset

I dåpen tenner vi et lys for barnet. Dåpslyset symboliserer Jesus, verdens lys. Jesus sier: «Jeg er verdens lys. Den som følger meg, skal ikke vandre i mørket, men ha livets lys.» (Fra Johannesevangeliet kap. 8 vers 12). Vi tenner dåpslyset i bønn om at Jesus skal være med som et lys for barnet gjennom livet.

Kjolen

Dåpskjolen er som oftest hvit. Hvit farge er i kirken festens og gledens farge. Den lange dåpskjolen symboliserer at barnet skal vokse i tro, håp og kjærlighet. Noen familier har dåpskjoler som går i arv gjennom generasjoner og andre starter nye tradisjoner.

Luen

Luen kan være et symbol på at barnet er beskyttet av Gud. Fra gammelt av så man på dåpsluen som «troens hjelm».

Nåde

Uttrykket «Guds nåde» handler om alt Gud overøser sine barn med godhet, barmhjertighet, tilgivelse og nye muligheter. Guds nåde er ikke noe vi kan gjøre oss fortjent til, men noe Gud stadig på ny gir oss ufortjent, gratis (nåde heter «gratia» på latin).

Frelse

Dåpen gir frelse. Det norske ordet «frelse» har røtter i en tid da slaveri ble praktisert i Norge. Ordet kan oversettes med «fri hals» og ble opprinnelig brukt i forbindelse med at slaver ble satt fri. For mange betyr «frelse» i dag frigjøring fra alle hindrende bindinger, både her og nå og i evigheten.

Sakrament

Et sakrament (lat. sacramentum) er en hellig rituell handling, innført av Jesus. Det er et synlig tegn på Guds nåde. I Den norske kirke har vi to sakramenter; dåp og nattverd.

Kjelde: kirken.no

Dåpskjole til utlån på kyrkjekontoret

Det er ei stor glede å invitere til dåp i kyrkjene våre. Sentralt i dåpsfesten er dåpsbarnet kledd i kvit kjole. Ikkje alle har slike plagg liggande og då kan det vere godt å vite at ein kan få låne ein dåpskjole på kyrkjekontoret. Kjolen er sydd av kunsthåndtverkar Laila Thastum. Den er enkel i uttrykket med ei handbrodert due og kross med gullglorie på bringa og ein gammal blonde nedst på kjolen. Kjolen er sydd litt stor, slik at den kan passe barn opp til ca 9 månaders alder. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du vil låne den når du skal ha dåp.



«Saman om skatten»

Trua er ein skatt.

Foreldre, fadrar og kyrkjelyd deler ansvaret for å la barna få oppdage den.

Når vi døyper eit barn, skjer noko stort. Barnet blir lagt i Guds hender. Det er elska og tatt imot; det er velsigna av Gud. Barnet får del i ein rikdom som varer livet ut. Dette må barnet få vite om.

Foreldre og fadrar får, ved døypefonten eit oppdrag: «å be for barnet, hjelpa det å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så det kan leva og veksa i den kristne trua». Samtidig er dette ikkje noko dei skal stå i åleine. Kyrkjelyden står saman med familien i dette – vi deler ansvaret.

Et afrikansk ordtak seier det slik: «Det krevst ein heil landsby for å oppdra eit barn», dette gjeld og for kristne fellesskap. Vi skal sleppe å stå aleine med oppdraget.

Det lokale trusopplæringsarbeidet vårt har fått overskrifta «saman om skatten». I dette ligg det fokuset på at dette er noko vi er saman om; kyrkje, foreldre, fadrar og barn. Den seier også noko om kva vi er saman om. Vi er saman om skatten!

Skatten har her ei dobbel betydning. Skatten er den kristne trua og dei kristne tradisjonane, og skatten er barna og ungdommane våre.

Vi har peikt ut 5 berebjelkar som vi miner er viktige i trusopplæringa vår.

Desse er:

- Vi les Bibel saman.
- Vi syng saman.
- Vi ber saman.
- Vi et saman.
- Vi feirar gudsteneste saman

Trusopplæring – vår felles plan

For å ta det løftet som vert gitt ved døypefonten på alvor, har vi som kyrkjelyd laga ein trusopplæringsplan med tilbod om aktivitetar barna og ungdommane kan vere med på.

Desse samlingane er laga for å gi gode opplevingar, møtepunkt og verktøy til å leve i trua.

Målet er at alle døypte skal høyre frå kyrkja, ca ein gong i året.

Her er nokre eksempel frå planen:

- 🕒 0–1 år: Babysong på Betania i Stryn. Onsdagar kl 10.30. Songstund og lunsj.
- 🕒 2 år: Krøllesamling med utdeling av bamsen «krølle»
- 🕒 3 år: Familiemiddag med førjulsaktivitet og utdeling av julebok
- 🕒 4 år: Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok og familiemiddag med «Sjørøvarfest».
- 🕒 5 år: Karnevalsgudsteneste og superheltsamling
- 🕒 6 år: Førsteklassesgudsteneste med utdeling av bok.
- 🕒 7 år: Familiedag ved Sagedammen. 2. klassingane spesielt invitert og pinsepakke i posten.
- 🕒 8/9 år: Tårnagenthelg med utforsking av kyrkja og løysing av oppdrag
- 🕒 10/11 år : Lys Vaken med overnatting i kyrkja
- 🕒 Ungdom: Invitasjon inn i lokalt ungdomsarbeid, og leirarbeid
- 🕒 9. klasse: Konfirmasjon
- 🕒 Ungdom: Ungdomsgudsteneste og Alpha kurs/samtalegrupper

I tillegg er det speidar, kor, klubb og søndagsskule som har faste samlingar gjennom heile året, fleire stader i kommunen vår.



Bønevandring – teikning av bøner.
Foto: Beate Nes

Abonnement på trusopplæring

Får ikkje barnet ditt invitasjon til desse samlingane? Då har vi anten ikkje rett adresse, eller så er ikkje barnet døypt. Kanne du likevel tenke deg å få invitasjon til dei ulike trusopplæringsamlingane, som f.eks. 4-årsbok, Førsteklassesgudsteneste, Tårnagent, Lys Vaken og konfirmasjon? Då kan du abonnere på invitasjonar til trusopplæringstiltak og aktivitetar.

Når vi inviterer til trusopplæringsaktivitetar og tiltak i Den norske kyrkja, sender vi brev til alle medlemmar (alle som er døypt i DNK) og som vi difor automatisk har adressa til i våre register. Om eit barn ikkje er medlem, er det likevel mogleg å få invitasjonar til dei same tilboda, men då må vi få vite om det. Foreldre/føresette kan logge seg inn via id-porten på kirken.no/minside og opprette eit abonnement på trusopplæring. Då vil barnet få invitasjon til å delta på ulike arrangement/aktivitetar tilpassa alderen. Nettsida skal no vere utforma slik at også dei som ikkje er medlemmer av DNK, skal kunne melde på sine barn til trusopplæring. Som alltid vil vi minne om at våre trusopplæringstiltak er opne for alle barn, uavhengig av medlemskap. Hjelp oss med å dele informasjonen vidare, så vi når ut til alle. Det er så trist å finne ut etterpå at det er born som ville ha vore med, berre dei visste om det. Foreldre/føresette til barn døypt i Den norske kyrkje treng ikkje å foreta seg noko i forhold til invitasjonar/abonnement.



Sjørøverfest
Foto: Beate Nes



Tårnagenter i Kyrketårnet i Oppstryn kyrkje.
Foto: Beate Nes

Foreldre si rolle- Trua i heimen

Det viktigaste skjer ofte i det små, heime hos dykk.

Mange foreldre kan kjenne seg små i møte med alle dei kreftene som formar barna våre i dag. Men forskning peikar på noko viktig: det er framleis foreldra og den nærmaste familien som har størst påverknad, særleg når det gjeld verdier, tru og moral.

Vi kan ikkje styre barnet til tru. Men vi kan gå ved sida av det – mot Jesus. Det skal ikkje alltid så mykje til.

Innarbeid enkle rutinar til dømes ved måltid og leggetid.

- Lese/sjå bøker. Det kan vere ein barnebibel, 4-årsboka eller andre bøker. Iko.no har mange gode bøker til ulike aldrar.

- Synge til og med barnet, og legg kristne barnesongar til spelelista.

- Be, gjerne med å legge hendene på barnet.

- Ta barna og ungdomane med dit dei kan møte andre som trur. Fellesskap er viktig!

Trua er ikkje noko vi eig sjølve – ho er ein skatt vi får ta imot, og som vi deler vidare.

Saman kan vi gje barna gode erfaringar av at Gud er nær, og at kyrkja er ein stad der dei høyrer til. For at dei sjølv skal kunne velje, må dei få både kunnskap og erfaringar knytt til kyrkje og tru.

Velkomen til kyrkje og trusopplæring – saman om skatten!

Kateket Beate Nes



Barn rundt alteret, Førsteklasses gudsteneste og Tårnagenter i arbeid.


Foto: Beate Nes

Kjenner du Biko - IKO sin bokklubb?

Frå Tripp Trapp til Biko – ein bokklubb for kristen tru, håp og undring. I fleire tiår har Dåpsklubben Tripp Trapp vore eit kjent og kjærnt namn i det kyrkjelege landskapet. Tusenvis av barn har fått bok- og musikkpakkar rett heim i postkassa, ofte som gåve frå fadarar eller besteforeldre. Gjennom desse har dei møtt både bibelforteljingar, gode verdier, figurar som Krølle, Fidus og Dånki – og Jesus. No har klubben fått nytt namn: Biko – Bokklubb for kristen tru, håp og undring. – Innhaldet er framleis det same, seier leiar Helene Horsfjord. – Barna får tre pakkar i året, med bøker, spel, leiker og musikk. Målet er å gje variert og heilskapleg kjennskap til kristen tru, tilpassa ulike aldrar. Klubben er for barn frå 0-15 år, og det vert laga alderstilpassa gåver, inntil 3 pakkar i året-før påske, sommar og jul. Det er ingen kjøpeplikt, i god tid før pakkane vert sendt ut, får du som gjevar informasjon om pakken.

Kvifor nytt namn?

Bakgrunnen er ønske om å famne breiare. – Mange barn i dag er ikkje døypte, og klubben er like mykje for dei. Med nytt namn kan vi tydeleg vise at Biko er for alle barn, forklarar Horsfjord. I tillegg er Tripp Trapp mest kjent som ein barnestol. Det nye namnet knyter klubben tettare til «IKO – Institutt for kirke og oppvekst» – og gir rom for noko nytt: maskoten bien Biko. Bien symboliserer fellesskap, skaparverk og nysgjerrig undring, og skal inspirere barna til å utforske Bibelen, kyrkja og livet.



Helene Horsfjord,
leiar i IKO. Foto: IKO

Ressurs for trusopplæring heime

Biko er ikkje berre ein bokklubb. Det er også eit hjelpemiddel for foreldre og besteforeldre som ønskjer å dele tru heime.

– Undersøkingar viser at besteforeldre har ein særleg viktig rolle i kristen opplæring, seier Horsfjord. – Difor kan Biko vere eit ekstra verdifullt verktøy. Gjennom Biko får familiar enkle og gode ressursar til å halde samtalen om tru levande i kvardagen.

– Er du på jakt etter gjennomtenkt og spanande materiell om kristendom og tru til eit barn du er glad i, bør du absolutt besøke www.biko.no, oppmodar Horsfjord. Du kan også sjekke ut iko sin nettbutikk for produkt og bøker for og om barn og unge.

«Jeg har heldigvis oppdaget Biko!
Som nokså ny mamma er det ikke så lett å orientere seg om hva som finnes av gode barnebøker og andre produkter til sønnen min, men nå får vi tilsendt pakker med gjennomtenkt innhold av god kvalitet.
En gave til hele familien, egentlig.»
Elsa Berud Gustavsen, artist og mamma

Bli med i klubben!

biKo
Bokklubb for kristen tro, håp og undring

- Biko Bokklubb for kristen tro, håp og undring (tidligere Dåpsklubben Tripp Trapp) sender ut bøker, spill, leker og musikk til tusenvis av barn flere ganger i året.
- Klubben er for deg som ønsker at barn du er glad i skal få møte og lære om kristendom og tro. Ofte er det foreldre, faddere eller besteforeldre som melder barnet inn i klubben.
- For barn fra 0-15 år.

Tidligere
DÅPSKLUBBEN
Tripp Trapp

IKO • FORLAGET
Les mer på biko.no

Bibelhistorier for nybyrjarar ei gåve til dåpsfamiliene i Stryn.

«Vi les bibel saman», er ein av berebjelkane i trusopplæringa i Stryn. Difor får alle dåpsfamiliar boka «Bibelhistorier for nybyrjarar» ei gåvebok med 31 bibelhistorier frå skapingsforteljinga til Jesu himmelferd. Denne boka får dei når dei kjem på dåpssamtale med det første barnet sitt.

Tanken er at dette ikkje berre er ei gåve til barnet, men til heile familien, som hjelp til trusopplæring heime.

I denne boka vert 31 av dei mest kjende historiene fortalde, frå både Det gamle testamentet og Det nye testamentet. Vi blir med på ei reise frå skapingsforteljinga til Jesu himmelferd. Boka passar perfekt til høgtlesing på sengekanten eller som ei andaktsbok for dei minste. For vaksne som får lyst til å fordjupe seg i Bibelen, er det sett inn referansar til kor ein finn originaltekstane. I tillegg blir lesaren presentert for truvedkjenninga, Fadervår, dei ti boda og utvalde bibelvers.



Velkomen til dåpssamtale.

«Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender, kommer vi til deg som gav oss livet» lyder det i den kjente dåpssalmen av Svein Ellingsen.

Mange foreldre er både fylt av glede og mange spørsmål når dei ønskjer å døype barnet sitt. Kva skjer i kyrkja? Kva om barnet græt? Og kva om vi gjer noko «feil»? I dåpssamtalen er det tid og rom for å komme med alle spørsmål og bekymringar.

«Mange kjenner på nervøsiteten før en slik samtale. Det kan kjennes formelt å treffe presten», seier sokneprest Marie Jansvik som har skrevet ei oppgave om dåpssamtalen. «Foreldre kan kjenne på prestasjonsangst for at dei ikkje trur 'nok'». Men dåpen er ei gåve frå Gud og difor først og fremst ein grunn til glede.

Dåpssamtalen bør vere ein «brobygger mellom familien og kirken. Møtet med kirken skal oppleves som trygt og godt», påpeikar Jansvik. Som prest er det mi oppgave å gjere familien trygge og å svare på spørsmåla deira.

Før vi møtast til samtale, tek eg kontakt med foreldra for å avtale når og kvar vi skal møtast. Eg spør gjerne korleis det går med babyen og seier litt om innhaldet i dåpssamtalen. Det er fint viss begge foreldre kan vere på i dåpssamtalen.

I Volda inviterer vi til einskildsamtaler på kyrkjekontoret, men dette varierer ein del frå stad til stad. Er det fleire dåp i same gudsteneste, kan det vere fint med ei felles dåpssamling. I byrjinga av samtale tenner vi ofte eit lys for barnet. Vi snakkar litt om korleis det går og kva familien har på hjarta. Det kan vere praktiske spørsmål, men òg små og større bekymringar, t.d. viss berre ein av foreldra ønskjer dåp. I dåpssamtalen er det rom for å snakke om det.

Foreldre har ofte mykje å tenke på på dåpsdagen og kan fort bli stressa, spesielt når det er første barnet. Eg brukar å seie at

alt familien treng å tenkje på er å møte opp, så tek eg meg av resten. For å gjere foreldra trygge, brukar vi å gå gjennom alt som skal skje i gudstenesta og dåpen: når familien skal møte opp, kvar dei kan skifte til dåpskjole, kvar dei skal sitje osv.. Eg likar å spørje om barnet skal ha på dåpskjole og om den har vert i familien lenge. I mange familiar har dåpskjolen blitt brukt gjennom

fleire generasjonar – og den er full av symbolikk – ein fin måte å snakke om dåpen og kva den betyr. Når vi går gjennom dåpsliturgien - altså alt som skjer rundt sjølve dåpshandlinga - er det òg naturleg seie litt om kvifor vi døyper barn i kyrkja vår og om det store underet som skjer i dåpen: Gud møter oss hud mot hud og gjev oss del i sitt rike.

Familien kan òg gjerne bidra i gudstenesta, t.d. ved å lese ein av bibeltekstane eller med eit musikkinnslag.

Søsken eller barn i dåpsfølgjet kan tørke av hovudet til dåpsbarnet. Kanskje har eldre søsken lyst til å bere inn dåpsmugga i starten av gudstenesta? Fadrane blir gjerne bede om å tenne dåpslyset. Dåpen er ikkje berre ein festdag; den er òg byrjinga på vegen det vesle menneske går med Gud. Vi i kyrkja ønskjer at barnet blir kjend med Gud og med kyrkja. Difor inviterer vi til ulike arrangement opp gjennom åra: babysong, småbarnssamlingar, søndagsskule, 4årsbok m.m. I dåpssamtalen får familien ei lita oversikt over desse og eg inviterer gjerne til det som er spesielt eigna for dei minste.

Før vi går frå kvarandre får foreldre velje eit bilete som dåpsbarnet får i gåve frå kyrkjelyden og vi avsluttar med å be ei bøn for barnet og familien. Slik legger vi alt som skal skje i Guds hender.



Døypefonten i Hornindal kyrkje. Foto: Volda kyrkjelege fellesråd



Foto: Den norske kyrkja, Helene Moe Slinning

Constanze Lindner
-fung. sokneprest i Hornindal, Austefjord og Storfjorden-

«Drop-in- dåp» i Vågsøy

Laurdag 6.juni på pinsefta, arrangerte soknerådet «drop-in-dåp» i Nord-Vågsøy kyrkje frå kl. 11-15. Litt av bakgrunnen var at vi hadde tre konfirmantar og ei konfirmant-mor som var blitt døypt det siste året, og at det var udøypte konfirmantar også i året som kom.

Vi inviterte dei som av ulike grunnar ikkje var blitt døypte, enten på grunn av koronaen, at foreldra berre ville at dei skulle få velje sjølve og no ønska dei å konfirmere seg, eller at ein hadde eit lite barn og datoen passa bra, eller var vaksen og det berre aldri hadde blitt dåp tidlegare. Uansett grunn var ein velkomen til dåp.

Eg hadde mitt telefonnummer på invitasjonen, og det tok ikkje lang tid før dei første tok kontakt og spurte korleis dette fungerte. Eg fekk etterkvart mange gode samtalar, og det vart til slutt sju som kom og vart døypte. Alle hadde tatt kontakt på førehand. Dei døypte var mellom 7-18 år, fire lokale og tre frå andre kommunar.

Reint praktisk vart dåpen gjennomført ved at dåpsfølgje vart ønska velkomen i våpenhuset. Så bar det ned i kyrkjekjellaren der det var pynta til fest med kaker, saft og kaffi. Etter tur blei «dåpsbarnet» med foreldre henta inn til samtale der ein snakka om det som skulle skje, kva dåpen er, og «dåpsbarnet» fekk ei valfri gåve tilpassa alder. Så gjekk vi opp i kyrkjerommet der sjølve dåpen vart gjennomført.

Dei fleste hadde med seg fadrar, men dei som ikkje hadde, skaffa vi fadder til. Dei som hadde fadrar, men som ikkje kunne møte den dagen fekk «vitner».

Nokre dåpsfølgje var pynta. Andre kom i kvardagsklede. Det einaste dei trengte var eit ønske om å bli døypt, legitimasjon og samtykke av sine foreldre/føresatte, om dei var under 15 år. Kvar dåp med samtale tok omlag ein halvtime.

Som prest var den aller første samtalen på telefonen ganske sterk. Å høyre og kjenne på usikkerheita og ønskje om dåp. Det å sjå smilet etter dåpen var óg stort. To av dei som vart døypte sa ja til å bli intervjuva i Fjordenes Tidende, så behovet var ikkje at det skulle vere hemmeleg, men berre

litt mindre og trygge forutsigbare rammer.

Vi har berre gjennomført dette éin gong, så vi veit ikkje om det er behov for å ha det jamnleg, men vi har snakka om å ha «drop-in-dåp» og «drop-in-vigsel» annankvart år.

Det kan høyrast ut til at det er lettare å ha «drop in dåp» på litt større plassar, og at dei som bur på små plassar kanskje ønskjer å gjennomføre det utanbygds. Det er nok mange ulike grunnar til at ein vel ei slik løysing. Nokre ønska ikkje å bli døypt framfor kyrkjelyden når dei var eldre enn «vanleg» dåpsalder. Andre var usikre på om dåpsbarnet og dåpsfølgje klarte å sitte stille under gudstenesta.

Det viktigaste er nok å kommunisere at vi som kyrkje gjerne vil ha dåp i hovudgudstenesta, men at det er heilt fint å ha ei lita samling etter gudstenesta ein søndag i mindre grupper óg.

Vi må formidle at det aldri er for seint. Den eldste som er døypt på «drop-in-dåp» var 99 år!

Beate Ellila Folkestad, for Vågsøy sokneråd



Julian 7 år då dåpen var gjennomført.
Fotograf: Trude Otneim.

Drop-in-dåp i Bergen kvar torsdag.

Kvar torsdag kl 16-17 (bortsett frå skuleferiar) er det ope for drop-in-dåp i Nykirken i Bergen sentrum. Du treng ikkje melde deg på førehand, men kan møte opp i kyrkja. Der blir du tatt imot, ein gjennomfører ein dåpssamtale med ein prest og ein blir døypt i ein enkel dåpsseremoni i kyrkjerommet. Heilt enkelt – men like stort!



Du kan komme med eit stort dåpsfølgje, eller du kan kome åleine. Alle er like velkomne! Om du ikkje har fadderar så stiller kyrkjelyden med dette. Dåpskjole er det mulig å låne, men ein vel sjølv kva slags klær ein vil bli døypt i. Det einaste du må ha med deg er legitimasjon (er barnet lite tar du med fødselsattest eller «bekreftelse på navnevalg»). Du må ha med skriftleg samtykke frå den andre forelderen om du kjem åleine for å få nokon under 15 år døypt.

Kjelde: kirken.no


Fadderløftet – ein invitasjon

17

KYRKJELOKKA

Kva ligg eigentleg i fadderløftet vi gav då vi vart spurde om å vere fadder? Det ligg mange mogelegheiter i denne oppgåva.

Som fadder får du ein konkret invitasjon til å ta del i livet til barnet som blir bore fram i dåpen. På den eine sida er du tiltrudd eit ansvar, men samstundes er det òg flott å få lov til å vere med på ei reise over fleire år. Korleis denne reisa blir, er sjølv sagt opp til kvar enkelt, men eg vil oppmuntre deg til å sjå stort på moglegheitene som ligg i fadderoppdraget.



Bøna

«Helt frå den dagen vi fekk høyre om dette, har vi ikkje slutta å be for dykk. Vi bed om at de må bli fylte av kunnskap om Guds vilje, med all åndeleg visdom og innsikt.»

(Kolosserbrevet 1,9)

Bøn for fadderbarnet er ikkje eit krav, men noko du kan gjere. Bibelen skildrar ein Gud som verkar i verda og i menneskeliv, difor ligg det den kristne naturleg å løfte barna fram for Gud i bøn. Det vanskelege er ikkje å be – men å hugse det i ein travel kvardag. Eit tips kan vere å finne ferdigformulerte bøner der du kan setje inn namna på barna du ber for.

Her er eit eksempel frå ei bønnebok:

«Himmelske Far, eg ber om at trua på deg må slå rot i _____ sitt hjarte, slik at dei ved trua kan få det du har lova dei gjennom ditt ord.»

Opplæringa

«Lær den unge den vegen han skal gå, så vik han ikkje frå han når han blir gammal.»

Ordtøka 22,6

I dåpsliturgien i kyrkja står opplæringa i den kristne trua sentralt. For nokre kan det verke som eit overveldande oppdrag, men fortvil ikkje! Her kjem eit godt råd, som også mange foreldre vil setje pris på, trur eg. Høyr med foreldra om du kan ta med deg fadderbarnet på opplegg i regi av trusopplæringa. Dette kan vere alt frå utdeling av 4-årsboka, Tårnagent, LysVåken, Krøllesamling, sjørørvarfest eller superhelt-samlingar. Det finst gode tilbod i kyrkjene som gir barn og unge opplæring i den kristne trua. Foreldre kan òg vere frimodige og spørje faddrar om å følgje barna på slike arrangement i regi av trusopplæringa.

Følg gjerne kyrkja i Indre Nordfjord på Facebook og Instagram for meir informasjon!

Foreldre

Heilt til slutt nokre punkt det kan vere lurt å snakke saman om før val av fadder.

- Tenk gjerne gjennom kven i familien eller i den næraste krinsen som kan bidra i opplæringa.
- Sjå òg på om nokon av dei aktuelle kandidatane bur i nærleiken og kan kome på besøk frå tid til annan.

Det er enklare å ta med barna til kyrkja eller på arrangement i trusopplæringa dersom ein bur nær kvarandre. Eg ønskjer deg lykke til vidare i oppgåva som fadder, og håpar du ser stort på den. Sjølv om vi ikkje alle har dei same moglegheitene til å vere fysisk engasjerte, kan vi alle bere barna fram i bøn.

Tekst og foto: Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes

Ei enkel men viktig fadderoppgåve.

Eg har gitt mitt fadderløfte fleire gongar og ofte tenkt på kva eg fekk gjort med den oppfordringa eg fekk – om å ta ansvar.

Mine fadderbarn er, som for mange andre, barn av nære slektningar og venner. Så lenge dei er små kan det vere lett å halde kontakt, hugse bursdagar, ei gåve til jul og andre hyggelege ting, men ungdomstida og etter kvart vaksen alder kan skape større avstandar og mindre kontakt.

Ein ting eg kan klare heile livet, er å be, å legge fadderbarna mine fram for Gud med omtanke og forbøn. I kvar gudsteneste avsluttar vi med 9 klokkeslag og akkurat då får eg høve til å nemne kvart av fadderbarna mine i ei kort bøn, - eitt for eitt. Det er ikkje mange sekund, men nok til at alle blir nemnde på namn, og kanskje rekk eg også ein tanke omkring viktige ting i livet deira.

I ein tale for ein konfirmant eg er fadder til, fortalde eg om dette og sa at «det sjette slaget er ditt».

- Det var ei påminning for meg sjølv.
- Det var noko konfirmanten forstod og som også er blitt hugsa.
- Det er ein enkel, men likevel viktig måte der eg kan halde ein del av fadderlovnaden.
- Det kan anbefalast, - i all enkelheit.

Jarle Hessevik



Foto: Pixabay, RoyBuri

Dåp av store barn og ungdom.

Som kateket gjennom meir enn tjue år har eg fått oppleve mange ulike dåpar. Dei fleste er av små barnmen stadig oftare kjem også større barn, og ungdommar til døypefonten. For mange skjer det i samband med konfirmasjon.

Faktaboks:

- * 1530 ungdommar vart døypte i samband med konfirmasjon i 2024.
- * Til samanlikning var talet 1261 i 2023.
- * Trenden peiker oppover.

Grunnane til at ungdom ikkje er døypte frå før, kan vere mange. Nokre kjem frå familiar der tru og kyrkje ikkje har vore ein naturleg del av kvardagen. Andre foreldre fortel om såre opplevingar i møte med kyrkja, og for nokre vart det berre ikkje - dagane var for travle til å tenke på å lage dåp og fest. Mange har òg ønskja å vente, slik at barna sjølve kan ta valet når dei vert eldre.

Slik går dåpen føre seg

Alle kan bli døypt, uansett alder. Ein ungdomsdåp følgjer dei same rammene som for barn, men med nokre viktige forskjellar:

1. Ungdomen eller foreldra tek kontakt, og det vert avtalt ein samtale.
2. Dåpen kan skje i ei vanleg gudsteneste, ei ettermiddagsgudsteneste eller i ei eiga dåpsgudsteneste.
3. Vi les ikkje fortellinga om Jesus og borna, men andre bibeltekstar om dåp. (F.eks.: Tit 3,4-7, Joh 3,1-5, Rom 6,3-8)
4. Den som vert døyp får spørsmålet: Vil du saman med denne kyrkjelyden vedkjennast forsakinga og trua som vi blir døypte til– og ungdomen svarar «ja». Før alle seier truvedkjenninga saman.
5. Ungdomen går sjølv fram til døypefonten saman med fadrane.
6. Presten spør: «Vil du bli døypt?» – og ungdomen svarar «ja».
7. Presten øser vatn over hovudet, og dåpen er eit faktum.

Kvifor må ein vere døypt for å bli konfirmert?

Dåp og konfirmasjon heng saman. For å bli konfirmert må man først være døypt. Konfirmasjon kjem frå det latinske ordet «confirmare» som betyr å stadfeste og styrke. I konfirmasjonen vert Guds løfte frå dåpen bekräfta. Difor er dåpen ein føresetnad for sjølve konfirmasjonshandlinga.

Samtidig: alle kan delta i konfirmantopplegget. Mange brukar nettopp tida fram mot konfirmasjon til å finne ut om dei ønskjer dåp.



Foto: Beate Nes



Konfirmant døypast i Sagene kirke
Foto: Malin Longva / Den norske kirke

Visste du at...?

- * Alle kan bli døypte, uansett alder.
- * Ein må vere døypt for å kunne konfirmerast.
- * Har du hatt borgarleg konfirmasjon, kan du likevel velje dåp seinare.
- * Dåpen kan berre skje éin gong. Er du døypt i eit anna kyrkjesamfunn, som barn eller vaksen, kan du ikkje bli døypt på nytt – men du kan bli medlem i Den norske kyrkja.
- * Du må ha minst to fadrar, men kyrkja kan hjelpe om det trengst

Ei ungdomsforteljing

For å få eit innblikk i korleis det kan opplevast å bli døypt som ungdom, snakka eg med ei jente frå Stryn. Ho valde dåp rett før konfirmasjonen for nokre år sidan. «Eg vart ikkje døypt som lita, fordi foreldra mine ville eg skulle ha eit val. Men eg har lært om Gud og vel å tru på han. Eg har erfart at Gud er der i vanskelege tider.» Korleis opplevde ho sjølve dåpen?

– Det føltes litt sårbart, fordi det vart mykje oppmerksomheit. Samtidig var det ein veldig spesiell og god dag. Eg kjente på ei ro, ei frihetsfølelse – og ikkje minst det å høyre til i eit fellesskap. Det var òg fint å få velje fadrane sjølv.

Ho kjem med eit råd til andre ungdom som vurderer dåp:

«Tenk deg godt om, og kjenn kva som føles rett for deg. Kor vil du høyre til? For meg var det ei god kjensle å få ta valet sjølv.»

Og kva sitt ho igjen med som det beste minne frå dåpsdagen?

«Då presten tørka panna mi med kluten. Den har eg enno. Det var ei stille, roleg og veldig godt augeblink.»

Ein open invitasjon

Dåp er ikkje berre for små barn. Det er òg eit val for ungdom og vaksne – eit steg inn i fellesskapet og inn i eit liv i kyrkja. For mange ungdommar er det starten på noko nytt, ein viktig stadfesting og ein minnedag som varer livet ut.

Tekst: Kateket Beate Nes

Å vokse opp utenfor. Av Kaare Michael Kristoffersen

Da jeg var ca 3 mnd gammel (1984) ble jeg døpt i døpefonten i Landvik kirke i Grimstad. Det er i og for seg ikke så overaskende, da det gjaldt de fleste i min generasjon i soknet. Det som kanskje er litt spesielt er at jeg ble døpt mot min mors store protester. Min mor var nemlig pinsevenn som ung, men ikke aktiv i menighet på den tiden. En skulle kanskje tro at når mamma hadde aktiv menighetsbakgrunn, og det ikke var en viktig sak for min far, så ville mamma få viljen sin, men slik ble det ikke. Mine besteforeldre (kanskje særskilt min Morfar) satte hardt mot hard – Jeg skulle døpes.

Min bestefar på morsiden var født og oppvokst i Nord-Norge i en helt annen tid og var livredd for at jeg ville bli mobbet dersom jeg ikke var døpt – det ville desverre skjedd i hans dager på hans del av landet. Min Farmor pushet også for at jeg skulle bli døpt, men mest fordi det var jo tradisjon og slik man gjorde med barn – ikke sant?

Så ble jeg altså døpt, selv om den som kanskje brydde seg mest om dåp i familien mente at dåp var noe man gjorde når man var gammel nok til å ta et aktivt bekvinnende valg. Som barn lærte Mamma meg å be kveldsbønn og lese i barnebibelen – samtidig vokste jeg opp uten et aktivt menighetsfellesskap. Jeg ble med Dan-Filip (en venn i boligfeltet) på pinsemenighetens søndagsskole en gang, der fikk jeg beskjed av søndagsskolelæreren om at det kanskje ikke var stedet for meg (jeg var ikke så flink til å sitte stille og lytte). Jeg gikk i en kristen barnehage i Østerhus, men også der ble jeg stort sett tatt ut av samlingene – om ikke mamma hadde blitt ringt for å komme å hente meg (jeg hadde litt adferdsproblemer som liten).

Det er kanskje litt overaskende, med tanke på at mine erfaringer med «kristne steder» som barn ikke var gjennomgående positive, at jeg som 15 åring ble en kristen. Jeg fikk en kjæreste som het Anne-Lene. Hun og familien hennes var aktive i Pinsemenigheten hvor min mor hadde tilbragt sine ungdomsår. I årene før hadde jeg tilbragt mye tid på den kristne ungdomsklubben i Østerhus arbeidskirke. Jeg hadde flere kristne rundt meg på fotballaget, men det var Anne-Lene og familien hennes som virkelig brukte tid på å dele de gode nyhetene med meg. En helg på ungdomsmøte i Haugesund med Anne-Lene og resten av ungdomsgjengen i pinsemenigheten ble jeg en overbevist kristen. Gud fantes, Jesus stod opp fra de døde, og jeg – Jeg var elsket. Jeg husker fremdeles hvordan jeg skalv i flere timer etter den sjelsettende opplevelsen å få snudd opp ned på alt.

Jeg og Anne-Lene er ikke sammen lenger, men jeg har fremdeles kontakt med familien hennes og jeg er utrolig takknemlig for de gode nyhetene de delte med meg. En skulle kanskje tro at jeg ville ende opp som pinsevenn, men etter jeg ble kristen begynte jeg å lese Bibelen, og jeg klarte bare ikke bli overbevist om at dåpen først og fremst var en bekjenneshandling. Det var klart for meg at Gud handlet i dåpen – Og dersom Gud handlet i dåpen kunne det ikke være nødvendig for meg å bli døpt flere ganger. Jeg kunne vende tilbake til den dåpens nåde som alltid hadde lagt der og ventet på meg – for døpt var jeg jo.

Jeg var blitt en kristen tenåring og naturligvis fikk jeg meg kristne venner. Og en ting ble fort klart for meg. Jeg hadde mye å ta igjen. På leir så kunne alle de andre ungdommene sangene, de kjente kodene, de kunne teksten på Børudsgjengens «tøff nok» på rams, mens alt dette var nytt og rart for meg. Se for deg å ankomme et nytt land med en helt ukjent kultur, andre normer og et annet språk. Jeg var en fremmed i en familie som jeg egentlig hadde tilhørt siden dåpsdagen min.

Det var både godt, rart og sårt på en gang. Hvorfor hadde ingen lært meg språket? Og hvorfor hadde jeg først nå fått del i det fellesskapet som jeg skulle ha tilhørt siden jeg var 3 mnd gammel? Jeg husker jeg var sint på mamma og pappa et par måneder. De hadde liksom ikke gitt meg «hele pakka». Jeg hadde fått dåpen, men ikke det fellesskapet, språket og kodene som skulle høre med. Samtidig – de hadde tross alt båret meg til det dåpsvannet jeg kunne vende tilbake til (om enn noe motvillig).

Når det gjelder språket, kodene og sangene – Jeg plukket det heldigvis opp etterhvert, men de første årene var det endel arbeid. Slutte å banne, forstå meg på kristen dating, få dette med salmer og lovsang under huden, lære å slå opp i Bibelen (det er ikke helt selvsagt hvordan man gjør det), finne noen bibelvers jeg kunne sitere og ikke minst lære om troen og om hvordan man snakket om den.

Jeg var ganske misunnelig på de nye kristne vennene mine i noen år, de hadde fått alt dette helt gratis. Det rare er at i ettertid skulle det vise seg at de var litt misunnelig på meg og – som kunne peke på den sterke opplevelsen jeg hadde i Haugesund, der alt ble snudd på hode for alltid.

Råd for å planleggje ein flott dåpsfest – enkelt og utan stress

Dåpen er lik for alle, men dåpsfesten er ikkje det. Korleis kombinerer ein vakenetter, ammetåke og slunken sparekonto med det å lage ein fin fest? Det finst ingen reglar for om eller korleis ein skal arrangere selskap etter barnedåpen i kyrkja. Likevel synest mange at dåp er ei fin anledning for å samle vener og familie. Skal de invitere til selskap, så start planlegginga av det praktiske i god tid, slik at alle kan få like stor glede av dåpsdagen. Start dåpsfestplanlegginga med spørsmål som: «Kven gjer vi dette for? Oss sjølve, andre, barnet?» og «Kva vil det seie å feire dåp?». I planlegginga bør du bruke tid på det som betyr noko for deg. Spør deg sjølv kva du likar å gjere. Synest du mat er gøy, så lag god mat, og ta litt lett på det andre. Er du glad i å dikte, så skriv noko fint. Synest du pynting er gøy, så set inn støyten der.

Involver andre.

Dåpsfestplanlegging blir best når fleire er involverte – på ein god måte. Kvar skal dåpsselskapet vere? Det aller rimelegaste er å ha festen heime hos dykk sjølve eller hos ein annan familie. Du kan òg høyre om kyrkja leiger ut lokale. Mange stader er det kyrkjelydshus som ein kan leige for ein rimeleg pris.

Servere mat i dåp.

Ein treng ikkje å servere middag, både kyrkjekaffi og lunsj fungerer fint. Gudstenesta er jo som regel ferdig ved lunsjtider. Men det er lurt å seie frå til gjestene om dei får lunsj, kaker eller middag. Spør om nokon kan bake for deg. Tilby deg å bake for dei når dei har behov ein annan gong. Kjøp inn is og chips – da treng du ikkje så mange kaker.

Kva skal barnet ha på seg?

Dåpskjole kan lånast, spør gjerne kyrkja eller vener. Eller bruk eit anna antrekk. På denne sida finn du mønster på ein fin dåpskjole du kan sy sjølv: <https://www.kirken.no/nb-NO/dap-i-den-norske-kirke/sy%20d%C3%A5pskjole/> Barnet treng ikkje dåpsgåve frå dykk som er foreldre. Barnet treng berre tida og omsorga dykkar.

Enkle, geniale tips til pynt i dåp

Bruk gjenbrukspynt. Besøk bruktboutikkar for å finne rimeleg pynt. Ønskjer du å pynte med kvite dukar, kan du kjøpe dei rimeleg– og ta dei fram igjen til konfirmasjon. Lysestakar og blomstervasar kan du òg finne på bruktboutikkar, dersom du ønskjer det.

Heng pynt i taket

Heng ballongar, duskar, rislamper, vimplar eller noko anna i taket – da blir det fest på ein, to, tre. Det som blir hengt opp, kan ofte festast med teip. Lett å ta ned att.

Finn ein farge eller eit tema som utgangspunkt. Deretter går de gjennom skuffer og skap og finn det som passar. Vel du blått som tema, kan du bruke alt du har som er blått.

Pynt med leiker som bordpynt i dåpen.

Er det ein fest der du kan pynte med leiker, så er det dåpsfesten. Kva med å pynte med Brio-tog, plastdyr eller papirdukar som barna kan teikne på?

Blomar som pynt i dåp.

Ønskjer du å pynte blomar til dåp er det fint å bruke blomar med stort volum. Til eksempel brueslør, grønne planter frå naturen, hortensia som kan delast opp og plasserast i mange vasar.

Tips og råd til sjølve dåpsdagen


Kjenn på augneblinken i kyrkja
Nytt høvet til å nyte augneblinken og senke skuldrene i kyrkja. Der er det presten som har ansvaret og du kan kjenne på at du ikkje er åleine. Kjenn at du og bornet er omgjeven av vener, familie og kyrkjelyden som bryr seg og vil hjelpe.

Spør om hjelp

Engasjer vener og familie til å vere igjen etter festen eller halde barnet i armene ei stund så du som er forelder får kvilt deg og kanskje ete eit måltid i fred.

Vårt aller beste råd er: Gjer det enkelt!

Du har meir enn nok å tenke på denne dagen!
Lukke til!



Min salme



VELSIGNELSEN

Herren velsigne deg og bevare deg
Herren la sitt ansikt lyse over deg
Og vere deg nådig
Herren løfte sitt åsyn på deg
Og gi deg fred

Han skal gi deg kraft til å leve
Gi håp og framtidstro
Han har sagt
kom til meg du som strever
Og jeg vil gi deg ro

Han skal bevare deg fra alt ondt
Gi deg styrke når du er svak
Tross ditt svik og ditt nederlag
Er hans nåde ny hver dag
Ny hver dag

Herren velsigne deg og bevare deg
Herren la sitt ansikt lyse over deg
Og vere deg nådig
Herren løfte sitt åsyn på deg
Og gi deg fred

Amen

Tore W. Aas

Tore W. Aas som har vore grunnleggjar og dirigent av koret Oslo gospel choir sidan 1988 har sett melodi til, og står for arrangementet av teksten i salmen Velsignelsen. Inspirasjon til teksten har han henta frå 4.Mosebok 6, 24-26, Herrens velsigning. Salmen er å finne på albumet Gloria som kom ut i 1996, eit av over 20 album med Oslo gospel choir. Elles kan ein og høyre den med engelsk tekst på albumet Above All.

Kva ligg i ordet velsigning? Sjølv ordet tyder «å tale vel om». Vi kjenner den frå gudstenester då presten avsluttar ved å lyse velsigning over oss. Vi får med oss Guds gode ord på vegen. Og i det ligg det at velsigninga er ei bøn om uttrykkjer Guds omsorg, vern, kjærleik, nåde og fred. Denne bøna vert kalla den aronittiske velsigninga frå då Moses vart beden av Gud om å be Aron og sønene hans velsigne Israels folk. Denne velsigninga vert mykje brukt av kristne i dag, også i vår liturgi av Tore W. Aas i Stryn kommune. Bøna er eit uttrykk for tru og tillit til Gud, ein måte å be om hjelp frå han på, be om vern og om velsigning i ulike situasjonar i livet.

HERRENS VELSIGNING

Herren velsigne deg
og vare deg!
Herren la sitt ansikt
lyse over deg
og vere deg nådig!
Herren løfte sitt åsyn på deg
og gjeve deg fred!

I seinare år har salmen Velsignelsen av Tore W. Aas betydd mykje for meg. Her tolkar han kva det vil bety å bli velsigna av Gud / Herren. Vi kan leggje vår frykt og fortvilning, smerte og sorg i hans hender. Han vil gje oss kraft til å leve, håp og framtidstro. Og sjølv om vi feilar og ikkje alltid greier å vere den beste utgåva av oss sjølv, så kan vi be om tilgjeving, og Guds nåde er ny kvar dag. Ny kvar dag! Er ikkje det gode ord å ta med seg i kvardagen? For meg er dei det.

Høyr på denne vakre salmen. Melodien er berre nydeleg. Eg kjenner på kjærleik, varme, tiltru og håp ved å lytte. Eg kjenner på energien i orda, lyset og varmen, og på freden i hjartet. Leit den opp du og, og kjenn etter. Den vil gjere deg godt. Det enklaste er å finne den på You Tube, med søkjeord: Velsignelsen / The blessing.

Med ynskje om alt godt for alle.

Helsing Kristin Aaning

Anne Margrete Tønning er utfordra til å skrive om «Min salme» i neste nummer av Kyrjeklokka.

Oddny under open himmel



Dåpen - Ei Guds gåve

Det siste halvåret har eg fått oppleve fem bårnedåpar. Fire var i kyrkja vår og ein på støylsmessa i den vide fjellkatedralen. Kvar gong har det vore oppleving og glede for familiane og kyrkjelyden. Desse opplevingane har gjeve meg mange tankar.

Dåp er vatn. Vatn er liv. Vatn er reint. Vi bruker det til å vaske oss med. Vi vert reine. Vatn er også død (drukning). Alt dette finn vi igjen i dåpen sine symbol Joh. 3. 3.5 står det: "INGEN KAN SJÅ GUDS RIKE UTAN AT HAN VERT FØDD PÅ NYTT". Bibelen kallar det atterføding. "HAN FRELSTE OSS VED DET BADET SOM ATTERFØDER OG FORNYAR VED DEN HEILAGE ANDE". Tit. 3.5. Dåpen er eit bad og dette badet kallast frelse. Badet og reinsing betyr ikkje berre syndenes tilgjeving, men også nytt liv ved Den Heilage Ande. Det er på det åndelege planet det viktigaste føregår. Det er Gud som handlar med oss.

Dåpen er inngangsdøra til Guds rike. Dåpen skjer berre ein gong, men virkninga fortset gjennom heile livet, heilt fram til vår eigen død og oppståde. Dåpen har med heile menneske å gjere, både kropp og sjel. I bårnedåp gjer presten korsets teikn over heile kroppen.

Dåp er nåde.

Eit lite barn blir bore fram, pynta i fin kvit dåpskjole. Det hjelpelause barnet vert teke imot av Gud. Det er nåde. Ein student spurde om dåpen er nødvendig. "Dåp er ikkje lov, den er evangelium," fekk han til svar. Dåpen er eit segl, eit pant, eit teikn, gjeve til kvar enkelt som vert døypt. Eg lærde i min barndom at vi har to sakrament, dåp og nattverd. Sakrament er ei handling som har tre kjenneteikn:

- Innstifta av Jesus
- Eit synleg middel (vatn, brød og vin)
- Får Guds usynlege nåde (Den Heilage Ande)

Vi får eit ansvar.

Foreldra og faddarane og kyrkjelyden får eit stort og heilagt ansvar:

- Å vise omsorg for det
- Å be for det
- Lære det sjølv å be
- Hjelpa det å bruke Guds ord
- Delta i den heilage nattverden, så det kan leva og veksa i den kristne trua

Trua treng næring.

Frå ei samtale: *Det var bispevisitas i ei kyrkje. Bispen samtalte med borna om dåpen. Borna var flinke å svare på spørsmål. Dei fleste hadde sett korleis ein dåp gjekk føre seg. Eit barn kunne også fortelje at når nokon vert døypt, vert namnet skrive i livsens bok. Bispen spurde: "Kan ein bli strokne or livsens bok?" Ja, meinte dei. Vi vert strokne når vi syndar. Så gjekk bispen bort til ei stor jente og spurde: "Trur du eg har synda?" Kva skulle ho svare? Kunne ho våge å sei ja. Ho kviskra "ja". Han forsette: "Bispen dykkar har synda. Altså står eg ikkje lenger i livsens bok. Kva skal eg gjere med det?" Ein tiåring rette opp handa og sa: "Kristus døydde for syndene dine." Alle har synda, men den som trur på Jesus og ber om tilgjeving får tilgjeving. "EG SKAL ALDRI STRYKA NAMNET HANS UT OR LIVSENS BOK." Joh.openb.3.5.*

Lukke til dåpsbarn og familiar!

Framhald i neste nummer

Konfirmasjon Hornindal, 13.september 2025

23

KYRKJELOKKA



1.rad (sitjande frå venstre): Adele Yri Oppheim, fungerande sokneprest Constanze Lindner, kyrkjelydspedagog Synnøve Berg-Rusten Grevstad, Celine Føysa
2.rad (stående frå venstre): Mikal Fjellkårsstad Rygg, Kristoffer Espe Hundeide, Mathilde Muldsvor Årvik, Mathilde Hole Bakke, Vilde Melvoll Muldsvor, Ivrine Tronstad Grodås, Emine Norevik Espe, Martin Bugjerde Lillestøl, Jakob Gausemel Kandal



Foto Pixabay,, HeungSoon

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd
Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -

Gravminne
Namne-
tilføyningar
Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå

Vi les bibelen saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere historier som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn.

Lukke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før de startar å lese historia.


Jesu dåp

Døyparen Johannes budde ute i ørkenen. Der levde han lenge av grashopper og villhonning. Han hadde på seg ei kappe av kamelhår og eit lærbelte rundt livet. Mange menneske kom til Johannes for å bli døpte i Jordanelva. Medan han døpte, fortalde han om ein som var mykje større og mektigare enn han sjølv. Johannes sa:

«Eg er ikkje ein gong verdig til å løysa sandalane hans. Eg døyper dykk med vatn, men han skal døype dykk med Den heilage ande.»

Då Jesus var omlag tretti år, kom han til Johannes for å bli døpt. Johannes ville stoppa han og sa: «Nei, eg treng å bli døpt av deg.» Men Jesus insisterte og sa at dette var noko dei måtte gjera. Så tok Johannes med seg Jesus ut i vatnet og døpte han. Med det same Jesus steig opp frå vatnet, opna himmelen seg. Han såg Guds Ande koma ned som ei due, og ei røyst frå himmelen sa: «Dette er sonen min, den elskede. I ham har eg mi glede.»

Nokre av dei som stod der, synst dette høyrdest ut som tordenvær. Etter dette gjekk Jesus ut i ørkenen, der var han i førti dagar utan mag ot drikke. Men det er ei anna forteljing.




Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymmer seg her?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vi legg til rette for ei personleg og verdig gravferd, med omsorg og respekt for det som betyr mest for deg.

Hjelmeland
BEGRAVELSESBYRÅ
Til hjelp i sorga sidan 1978

Du når oss på telefon heile døgnet, alle dagar.

☎ 905 50 905

post@hjelmeland.as

www.hjelmeland.as

SKOGSTAD®
Tailored by nature



**Ommedal
Dekksenter as**



Stryn Bokhandel as

BØKER - SKULEMATERIELL
KONTORREKVISA
REISEEFFEKTER - BARNEUTSTYR
LEIKETØYFORRETNING
TONNINGSGATA 23. TLF: 57871016

STRYN ENØK AS

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no



INNVIK FJORDHOTEL
Misjonshelmen
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90
e-post: post@innvikfjordhotell.no

Selskap, catering, arrangement,
overnatting. Velkommen!

TUSSA Installasjon
avd. Stryn

**Når du treng elektriker
privat eller bedrift**


Kontakt oss: Geir Olav Øvreseth, 917 19 949
Anders Bergset, 918 33 101
Tonningsgata 27

tussa.no


BUNNPRIS

Olden

UTVIK BYGG



Slekt skal følgje slekters gang



Frå kyrkjebøkene (pr. 22.08.)

Innvik – Utvik – Olden – Hornindal – Randabygd – Nordsida – Nedstryn – Loen - Oppstryn

Nedstryn

Døyppte:

08.06. **Noah Johan Holden Rake.**
For. Emmely Dvergsdal Holden og
Stian Rake
03.08. **Sophie Flo.**
For. Reidun Aven og Martin Flo

Vigde:

07.06. **Valentina Petrova og Arild
Sunde**

Døde:

15.06. **Jan Roger Navelsaker** f. 1970
03.07. **Dagfrid Bøe Sandal** f. 1943
23.07. **Annveig Oline Kroken Mork** f.
1961

Loen

Døyppte:

29.05. **Synne Sæten Aarøen.**
For. Anita Sæten og Torgeir Aarøen
20.07. **Nora Elde Hogrenning.**
For. Silje Elde og Egil Hogrenning
10.08. **Sofia Sæten Flatjord.**
For. Julie Krogh Sæten og Espen
Flatjord

Vigde:

31.05. **May Britt Sæten og Leif
Sverre Hestenes**
14.06. **Johanne Marie Nesdal og
Øystein Anthonssen**
14.06. **Terese Flo og Jan Rune Loen**
19.06. **Sine Brynstad Stokke og
Andy Salvador Llorca Cru**
28.06. **Sondre Bødal og Morten
Molin Wang**
08.08. **Kine Håseth Hatlen og Iver
Moen**
30.08. **Jenny Mari Tomasgard og
Anders Sæten**

Døde:

23.08. **Olaug Loen** f. 1932
19.08. **Frode Bakken** f. 1954

Olden

Døyppte:

08.06. **Jonathan Kvamme.**
For. Marte Sofie Midtbø Kvamme og
Jonas Alexander Kvamme
08.06. **Kamilla Antonia Solvang.**
For. Monica Antonio Tamele Solvang
og Peter Magnus Solvang

Vigde:

31.05. **Agnete Iris Brasel og Kristian
Brynstad**
28.06. **Stine-Renate Årdal og Daniel
Klakegg**
16.08. **Line Angelica Viernes
Kristiansen og Sebastian Heide-Aas**

Døde:

07.08. **Grete Eide** f. 1942

Utvik

Døyppte:

15.06. **Juliane Hauge Tisthamar.**
For. Marita Heggdal Hauge og Jon
Jørgen Tisthamar
13.07. **Eline Sævereid Hovland.**
For. Bjørg Berge Sævereid og Bjarte
Hovland
02.08. **Live Hage.**
For. Therese Lund Hage og Carl
Wilhelm Hage

Vigde:

02.08. **Eili Frøholm Olsen og David
Lopez Gil**

Randabygd

Døyppte:

08.06. **Ronja Nes Tytingvåg.**
For. Eline Nes Ertesvåg og Ruben-
Olai Takle Tytingvåg

Døde:

29.08. **Rune Osen** f. 1947

Innvik

Døyppte:

31.08. **Iver Drageset Hestnes.**
For. Lene og Even Drageset
Hestnes

Døde:

15.08. **Per Verlo** f. 1945
28.08. **Olaug Skaaden** f. 1946

Oppstryn

Døyppte:

08.06. **Even André Nesje.**
For. Ada Kristine Ofrim Nilsen og
Johnny Andre Nesje
08.06. **Ylva Kristine Fridtun.**
For. Sigrid Elida Linnerud og
David Fridtun

Døde:

22.08. **Jenny Marie Bolset** f.
2025

Hornindal

Døyppte:

31.08. **Signe Tomasgard Sæle.**
For. Ane Tomasgard Torheim og
Oddgeir Sæle
31.08. **Adrian Bortne Espe.**
For. Hanne Therese Bortne og
Håvard Hjelle Espe

Vigde:

31.05. **Ida Pauline Løddøen og
Amund Godø**


Døde:

24.05. **Svanhild Ester Lundgård**
f. 1934
16.07. **Steinar Løddøen** f. 1964

Nordsida

Døde:

19.08. **Tord Sølvberg** f. 2003



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, så følg med i avisa Fjordingen.
Nattverd og offer er ikkje med.

Sjå også heimesida stryn.kyrkja.no og på Facebook: Kyrkja i Indre Nordfjord.
Enkelte av sokna har også egne facebook-sider.

Om det ikkje er gudsteneste i «di kyrkje», er du velkomen i ei av dei andre kyrkjene.

28. september; 16. søndag i treeiningstida

Matt 11, 16-19

Nedstryn

11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

Utvik

11:00 Hausttakkegudsteneste

Hornindal

11:00 Hausttakkegudsteneste med utdeling av 4 årsbok



05. oktober; 17. søndag i treeiningstida

Mark 5, 35-43

Randabygd

11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

12. oktober; 18. søndag i treeiningstida

Mark 1, 40-45

Nedstryn

11:00 Gudsteneste med konfirmantjubileum

Innvik

11:00 Hausttakkegudsteneste

19. oktober; 19. søndag i treeiningstida

Luk 9, 57-62

Loen

11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

Olden

11:00 Hausttakkegudsteneste

Nordsida

11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok

Utvik

13:00 Gudsteneste med dåp

26. oktober; Bots- og bøneda

Luk 15, 11-32

Nedstryn

19:00 Salmekveld

02. november; Helgemessesøndag

Luk 6, 20-23 Minnedag – Joh 11, 19-27

Nedstryn

11:00 Gudsteneste. Minnedag for Oppstryn, Nedstryn og Loen

Olden

11:00 Gudsteneste. Minnedag for Olden

Innvik

14:00 Gudsteneste. Minnedag for Innvik

Utvik

16:00 Minnedag i ord og tonar.

Hornindal

19:00 Minnegudsteneste

Randabygd

20:00 Helgemessegudsteneste

09. november; 22. søndag i treeiningstida

Luk 10, 25-37

Nordsida

11:00 Gudsteneste

16. november; 23. søndag i treeiningstida

Nedstryn

11:00 Gudsteneste

Ljosheim, Oldedalen

11:00 Gudsteneste

Hornindal

11:00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

Olden

18:00 Soul Church

Oppstryn

20:00 Syng med oss

23. november; Domssøndag / Kristi kongedag

Joh 9, 39-41

Loen

11:00 Gudsteneste

Utvik

11:00 Gudsteneste

30. november; 1. søndag i advent

Matt 21, 1-11

Nedstryn

11:00 Gudsteneste. LysVaken

Olden

11:00 Gudsteneste. LysVaken

Nordsida

11:00 Gudsteneste. LysVaken



07. desember; 2. søndag i advent

Joh 14, 1-4

Innvik

11:00 Gudsteneste

Randabygd – Rand grendahus

12:00 Gudsteneste og basar

Hornindal

19:00 Lysmesse

Olden

20:00 Lysmesse

Gå gjerne på besøk til ei anna kyrkje enn den som ligg i heimbygda di.

Fellesskapen i gudstenesta er uavhengig av soknegrensene.

Taco-fredag i Nordsida kyrkje

31.oktober og 28. november inviterast det til Taco-fredag i Nordsida kyrkje.

13.30 Seniortreff med program og matøkt

14.30 Søndagsskule på Kyrkjeloftet etter skulen

16.00 Taco-fredag for alle i kyrkjelyden. Her serverast taco og praten går laust rundt borda.

Ei fin samling for alle som har lyst til å kome!



Foto: Nordsida kyrkje



Distribusjon som **Post med like format** til abonnent utanfor Stryn og Hornindal.

Returadresse: Kyrkjekontoret,
Rognehaugen 11,
6783 Stryn.

Dåpssalme:

Det skjer et under i verden

Tekst: Gerd Grønvold Saue
Melodi: Kjell Mørk Karlsen

Det skjer et under i verden
hver gang et barn blir til,
over det gryende livet
lyser Guds skapersmil.
Ingen på jorden er himlen så nær
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Det skjer et under når barnet
møter oss hud mot hud,
øynene speiler Guds himmel,
gir oss et glimt av Gud.
Ingen på jorden er himlen så nær
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Det skjer et under i kirken
større enn verden vet.
Barnet får del i Guds rike,
svøpt i hans kjærlighet.
Ingen på jorden er himlen så nær
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Det skjer et under i dåpen,
her skapes liv av ord.
Barnet er størst i Guds rike
skjønt det er minst på jord.
Ingen på jorden er himlen så nær
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Så la oss synge i glede,
nå er Guds Ånd oss sendt,
vannet blir kilden til livet,
her har et under hendt.
Ingen på jorden er himlen så nær
som barnet han tar i sin favn,
som barnet han tar i sin favn.

Foto: Pixabay

Redaktør for neste nummer er:
Jarle Hessevik

Bladet blir omdelt i postkassene i
Stryn og Hornindal på dugnad.

Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til:
kyrkjeklokka@gmail.com innan 31.10.2025

Neste nummer får du i postkassa ca.
21.11.2025